

Ragnhild Bakke Waale

SANKTHANS OG OLSOK

NYNORSK



SANKTHANS

Midtsommarfest


Sankthansdagen er 24. juni, men i Noreg feirar vi kvelden før, på sankthansaftan. Denne tida er den lysaste tida på året, midt på sommaren, og blir derfor kalla midtsommar. Sola skin i mange timar av døgnet. Jo lenger nord i landet vi bur, jo lysare er nettene. Lengst nord er det sol heile natta.

Naturen er grøn og vakker, frisk og frodig, med mange ulike sommarblomar.

Sankthans er ikkje fridag, men sommarferien for skoleelevane startar alltid rett før sankthans. Også mange vaksne tek sommarferie da.

Feiringa av sankthans skjer på ettermiddagen og om kvelden 23. juni. Det er vanleg å brenne bål. Men nokre gonger er det så tørt i naturen at det ikkje er lov å tenne bål. Både i byane og på landet er det vanleg at det blir arrangert sankthansfeiring med bål og leikar for barna. Familiar sit på teppe på graset og hyggjer seg ved bålet utover kvelden.

Dei som har båtar, dreg ofte ut på sjøen og tenner bål på ein holme saman med familie og venner. Alle kosar seg utover den varme, lyse sommarnatta. Folk samlar seg på ulike stader, brenn bål og et god mat, gjerne frå grillen. Somme stader er det tradisjon å ete rømme-graut. Det er ein graut som er laga av rømme, mjølk og kveitemjøl. På grauten er det vanleg å ha smør, sukker og kanel.



Aftan betyr kveld.

Ein holme er ei lita øy.



Dogg er vassdropar som kjem på grunn av fukta om natta.

Å *rydde* betyr å ordne, ta ting vekk.

Pietro Perugino (1445–1523):
Johannes døyper Jesus.



Mange pyntar med bjørkekvistar og markblomar både ute og inne. Frå gammalt av trudde folk at det gav lykke å plukke blomar tidleg på morgonen før sankthans. Desse blomane skulle også gi god helse når dei var våte av dogg frå natta. Mange jenter pyntar seg med blomekransar i håret på sankthansaftan. Frå gammal tid har folk trudd at det gav lykke dersom blomane hadde namn etter Maria, mor til Jesus. Mange trudde at dersom unge kvinner fletta ein krans av sju eller ni slag med mariablomar og la blomekransen under puta i senga når dei la seg på sankthansaftan, ville dei drøyme om den dei skulle gifte seg med.

Sankthans er ein kristen høgtidsdag

Sankthans er ei kristen feiring av fødselsdagen til sankt Johannes. Ordet sankt betyr heilag. Hans er ei kortform av namnet Johannes. Det nye testamentet i Bibelen fortel at Johannes vart fødd eit halvt år før Jesus. Foreldra hans hadde vore gifte i mange år utan å få barn, og dei bad til Gud om å få barn. Dei fekk sonen Johannes da dei var gamle. Denne guten fekk ei spesiell oppgåve. Det var å snakke med folk om at Jesus skulle komme. På den måten rydda han veg for Jesus og vart derfor kalla vegryddaren. Han døypte mange og vart også kalla døyparen Johannes. Da Jesus var 30 år, vart han også døypt av Johannes. Etter dette gjekk Jesus omkring og fortalde om Gud.



Biskop og prestar ved ei markering for Olav den heilage – alle med raude stolaar.

Johannes vart etter kvart sett i fengsel. Han vart drepen og vart derfor ein kristen martyr. I ein del kyrkjer er det gudsteneste på sankthans. Da har presten raude band over prestekjolen. Desse banda er kalla stola. Dei er raude fordi raudt er fargen for martyrdøden.

Nokre fleire tradisjonar

Før Noreg vart eit kristent land, var det også ein midtsommarfest i juni. Mange var bønder og levde av å dyrke jorda. Frø var sådde, og planter var planta, og dei hadde begynt å gro. Kyr, sauar og hestar var ute på beite, det vil seie at dyra åt det friske graset ute i naturen. Da passa det med ein fest. Nokre tenkte at ved å brenne bål gjorde dei sola sterk så det kunne bli ein god sommar. Dette var både ein lysfest og ein eldfest.

Sankthansnatta var det ein gammal tradisjon å samle inn røter og urter. Urtene var på sitt finaste i juni og kunne ha kraft i seg til å gjere sjuke menneske friske, meinte mange. Det var viktig å plukke urtene mens dei enno var våte av dogg frå natta. Doggen hadde også kraft i seg til å lækje sjuke.

Ei rot (fleire røter) er den delen av ei plante som er nede i jorda.

Urter er planter som vi kan ete, og som set god smak på mat. Nokre urter kan ein bruke som medisin.

Å lækje betyr å gjere sjuke menneske friske.

Krusifikset i Røldal kyrkje på Vestlandet. Denne stavkyrkja er frå ca. 1250. Ei stavkyrkje er bygd av tre, og blir boren av tjukke stavar eller stolpar. I mellomalderen var det ca. 2000 stavkyrkjer i Noreg. No er det berre 28 stavkyrkjer att. I mellomalderen blei det halde gudstenester her kvar sankthansnatt. Alle pilegrimane som besøkte kyrkja då, fekk kome fram til krusifikset og ta imot dråpane som kom ut av det. I vår tid er det også mange pilegrimar som besøker kyrkja.



Eit pilegrimsmål er ein heilag stad.

Ein pilegrim er ein religiøs person som reiser til ein slik heilag stad.

Ein helgen er ein heilag person.

I Røldal kyrkje heng det eit spesielt krusifiks med ein Jesus-figur på krossen. Ein tradisjon fortel at om sankthansnatta sveittar denne krossen. Sjuke som smurde desse dropane på seg, vart friske. Derfor er Røldal kyrkje det viktigaste pilegrimsmålet i Noreg etter Nidarosdomen.

Nokre stader blir sankthans også kalla jonsok eller jonsokvaka. Jon er også ei kortform av namnet Johannes. Vaka betyr at folk heldt seg vakne heile natta før sankthansdag. Dette var vanleg i den tida da kyrkja i Noreg var katolsk. Slike netter var det folkefestar med bål og dans.

Sankt Johannes er ein viktig helgen både i Den katolske kyrkja og i Den ortodokse kyrkja.

OLSOK

Ein nasjonal høgtidsdag

Olsok blir feira 29. juli. Det er ein nasjonal høgtidsdag og offentleg flaggdag, men ikkje ein fridag. Alle offentlege bygningar, til dømes rådhus, skolar og kyrkjer, heisar flagget denne dagen. Mange private flaggar også.

Olsok er ein høgtidsdag til minne om kong Olav Haraldsson, han som etter at han døydde, fekk namnet Olav den heilage. Olav samla Noreg til ein nasjon. Han var kristen og arbeidde for å spreie kristendommen i heile landet. Han døydde i eit slag på Stiklestad nord for Trondheim 29. juli i 1030. Frå 1030 reknar vi med at folket i Noreg var kristne.

Olav den heilage er ein helgen, det betyr at han er ein heilag person. Han er Noregs vernehelgen, det vil seie at han vernar eller passar på landet vårt. Han blir også rekna som Noregs evige konge. Olav den heilage er også viktig i andre land, som i Frankrike og England. På Færøyane er det store folkefestar kvar olsok. I Den katolske og Den ortodokse kyrkja er Olav den heilage ein viktig helgen. Tre katolske kyrkjer i Noreg er innvigde til Olav den heilage. Dei ligg i Oslo, Trondheim og Tønsberg.



Frå Olavsspillet på Stiklestad som viser kva som hende da Olav døydde.

Eit slag er ein kamp der to partar møtest og slåst mot kvarandre.

Å *innvie* betyr å opne når ein ny bygning er klar til bruk. Når ei kyrkje er innvigd til Olav den heilage, betyr det at kyrkja er spesielt knytt til han.



Løvøykapellet med olavskjelda. Eit kapell er ei lita kyrkje. Denne kyrkja blei bygd her på grunn av den heilage vasskjelda. Ho ligg få meter frå sjøen, så det var mange pilegrimar som kom hit med båt.



Skodespelaren Paul Ottar Haga har spelt kongen, Olav den heilage, mange gonger. Det er ei stor ære for ein skodespelar å spele denne viktige personen i norsk historie.

Etter at Olav den heilage døydde i 1030, vart det vanleg å byggje kyrkjer rundt i landet. Nokre av desse gamle kyrkjene blir kalla olavskyrkjer etter Olav den heilage. Løvøykapellet utanfor Horten i Vestfold er ei slik olavskyrkje. Ved den vesle kyrkja er det ei olavskjelde med vatn som folk har trudd lækjer sjukdommar. Pilegrimar har derfor alltid besøkt denne vasskjelda. Kvar olsok er det gudsteneste her og både konsertar og andre arrangement utanfor kyrkja.

Dei fleste kyrkjene har gudsteneste på olsok. Da har presten på seg raud stola over prestekjolen. Den raude fargen er martyrfargen og viser at Olav var martyr. Han døydde for det han trudde på.

Olsok blir ofte feira med at folk samlar seg for å grille og ete saman. Nokre brenn bål, på same måten som sankthansaftan. Rømmegraut var frå gammalt av mat til fest, og for mange er dette framleis ein fast mattradisjon på olsok.

Ved olsok blir det mange stader sett opp ulike spel eller teaterframsyningar om det som hende med Olav den heilage. I Trondheim er det olavsdagar ved olsoktider. På Stiklestad der Olav døydde, har dei framsyninga «Spelet om Heilag Olav». Rundt 15 000 menneske ser dette kvart år. Veldig mange tek del i skodespelet, både skodespelarar og amatørar, og ikkje minst mange hestar. På olavsdagane eller olsokdagane blir det arrangert konsertar, utstillingar, mellomalderverkstader og mellomaldermarknad. Det er også foredrag og debattar, samtalar om fortid og framtid, alvor og humor desse dagane.

Krossen i Helgeroa

I Helgeroa i Vestfold vart det på olsokdagen 29. juli 2016 avduka ein kross som er åtte meter høg. Krossen er reist til minne om kong Olav Haraldsson som i 1016 var leiar for eit slag i dette området.

Før Olav Haraldssons tid var Noreg delt opp i fleire små område med ulike herskarar. Olav ville samle alt dette til eitt rike, og han ville vere konge for eit samla land. På reisene sine ute i Europa hadde han vorte kjend med kristendommen. Olav vart døypt og ønskte å gjere kristendommen kjend i Noreg. Han vann slaget ved Helgeroa, gjekk i land og sette opp ein kross. Dette slaget, med over 5000 mann og 75 båtar, var eit viktig slag i Noregs historie.

Krossen i Helgeroa er laga av ei stor steinblokk. I midten er det skore ut eit sverd. Tomrommet etter sverdet blir ein kross. Sverdet ligg brote i to ved foten av krossen.

? Kvifor trur du krossen er laga slik at sverdet ligg ved foten av krossen og er brote?



Å avduke betyr at noko er som er dekt til, blir gjort synleg.

Ein herskar er ein person som har makta i eit område – ein leiar, ein konge eller ein høvding.

Eit rike er eit land, ein stat eller eit herredømme.

Eit sverd er eit handvåpen til å stikke eller hogge med.

Krossen i Helgeroa. Skulpturen er laga av kunstnaren Martin Kuhn til 1000-årsdagen for slaget ved Nesjar, plassen som no heiter Helgeroa. Skulpturen består av ein kross og eit sverd. Sverdet er brot og ligg nede ved foten av korset. Det store sverdet blir som ein benk til å sitje på.

Nokre fleire tradisjonar

Etter at Olav den heilage var gravlagd, hende det underlege ting ved grava hans. Det blir fortalt at det mellom anna kom ei vasskjelde ved grava. Dei som drakk dette vatnet, vart lækte for både sjukdommar og plager. Slike kjelder finst fleire stader rundt i landet der folk meinte Olav den heilage hadde vore da han reiste rundt. Nokre meiner at desse kjeldene har særleg god verknad i dagane rundt olsok.


Olav den heilage skal vere gravlagd i Nidarosdomen i Trondheim. Mange menneske har i alle år etter at han døydde, gått til denne kyrkja for å bli lækte for sjukdommane sine og be om tilgiving for noko gale dei har gjort. I vår tid går det ein veg som er kalla pilegrimsleia frå Oslo til Trondheim. Mange pilegrimar går heile eller delar av denne vegen. Ein pilegrim er ein som av religiøse grunnar går eller reiser til ein stad som blir rekna som heilag.

Da kristendommen kom til Noreg, vart det eit kulturskifte. Det betyr at folk begynte å tenkje og tru på ein annan måte. I førkristen tid var til dømes storfamilien viktig. Dersom nokon drap ein person i ei slekt, var det ei plikt for denne slekta å få hemna dette ved å drepe ein annan person i den slekta som drapsmannen tilhørde. Etter

Ei lei er ein veg.

Ein storfamilie består av foreldre, barn, besteforeldre, tanter, onklar, fettrar og kusiner.

Frå Nidarosdomen i Trondheim.





Lom stavkyrkje frå om lag 1170.

kvart som folk fekk kristne tankar og verdiar, endra dette seg. Med kristendommen fekk kvart enkelt menneske ansvaret for sitt eige liv og sine eigne val. Det var ikkje lenger så viktig å vere ein del av ei stor slekt, og hemn vart ikkje akseptert. Kristne tankar og verdiar vart også grunnleggjande i dei norske lovene.

Kyrkjer vart bygde på sentrale stader i bygd og by. Alle gjekk i kyrkja. Etter gudstenesta var det samlingar med fest og moro. Området rundt kyrkja vart ein viktig sosial møtestad, og mange fann kjærasten sin der.

OPPGÅVER

- 1 Når er sankthans?
- 2 Kva skjer på sankthansaftan?
- 3 Kven var døyparen Johannes?
- 4 Kva har Johannes med sankthans å gjere?
- 5 Når er olsok?
- 6 Kvifor feirar vi olsok?
- 7 Kvifor vart kong Olav Haraldsson ein helgen og fekk namnet Olav den heilage?
- 8 Kvifor vart den store skulpturen med ein kross sett opp i Helgeroa i Vestfold i 2016?
- 9 Kva er ei olavskjelde?
- 10 Kva stad er Olav den heilage gravlagd?



Foto:

Bridgeman Images: Musee des Beaux-Arts,
Rouen, France: s. 3
Cappelen Damm: s. 7 ø
Getty Images, iStock: s.1, 2, 3 øv, 4, 6 nh, 9, 10.
NTB scanpix: Espen Bratlie / Samfoto s. 6, VG s. 7 vn
Waale, Svein: s. 8

© Cappelen Damm AS 2017

Grafisk formgivning: Sandvik Design

Forlagsredaktør: Unni Wiel

Bilredaktør: Unni Wiel

ISBN 978-82-02-56832-0

cdu.no

krle-nett.cdu.no